

# Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2021

## *Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS*

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan vasskraft-produksjon. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Hordaland og Rogaland fylke. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2,3 TWh. Selskapet deltek dessutan i kraftproduksjon i Sauda gjennom sin eigardel på 15 % i Saudefaldene AS. Konsernet har også satsing innan småkraft som skjer hovudsakleg i egne dotterselskap og tilknytt selskap.

## *Resultat pr 30.06.2021*

Første halvår 2021 har vært eit godt år for SKL. Vinteren starta med normalisering av prisane etter kvart som kraftoverskotet som prega 2020 vart redusert og produsentane fekk kontroll i magasinane. Lang periode med kulde og lite snø i fjella løfta prisen ytterlegare. Våren har vært prega av tørt ver, idriftsetting av ny kabel-link til Tyskland samt høge brensels og CO<sub>2</sub>-kvoteprisar, alt forhold som har bidratt til høg kraftpris.

Resultat pr. 1. halvår vart positivt med 152,4 mill.kroner etter skatt mot negativt med 15,4 mill.kroner for same periode i 2020. Driftsresultatet vart totalt positivt med 374,8 mill. kroner mot 3,6 mill.kroner i 2020.

Totale driftskostnader utgjer 254,1 mill.kroner, mot 153,6 mill.kroner for tilsvarande periode i 2020. Lønn og andre driftskostnader utgjorde 58,5 mill.kroner mot 57,3 mill.kroner for same periode i 2020.

Netto finanspostar er negativ med 9,8 mill.kroner mot negativ 14,6 mill.kroner i 2020. Forbetringa skyldast betre resultat frå tilknytt selskap samt lågare finansieringskostnader.

Eigenkapitalen var 2 581 mill.kroner pr 30.06.2021 av ein totalkapital på 4 141 mill.kroner. Eigenkapitalandelen var 62,3%, mot 58%, på tilsvarande tidspunkt i 2020. Totale renteberande gjeld utgjorde 1 230 mill.kroner.

Netto likviditetsendring frå drifta første halvår utgjer 414,8 mill.kroner. Netto investering i driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar utgjer 153,4 mill. kroner. Reduksjon renteberande gjeld utgjer 138,1 mill.kroner. Det er utbetalt utbytte til eigarane med 2 mill.kroner.

Kontantar og bankinnskott utgjorde 187,7 mill.kroner.

## *Kraftproduksjon*

Faktisk produksjonen var første halvår 2021 totalt 1030 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 985 GWh i tilsvarande periode i 2020.

Selskapet sin del av produksjon i heil eller deleigde småkraftselskap utgjorde 34,6 GWh i første halvår 2021 mot 65 i 2020. Samanlikna med 2020 er ingen nye småkraftverk komne til i produksjonen.

Gjennomsnittleg områdepris i NO<sub>2</sub> i første halvår 2021 vart 48,1 øre/kWh, medan tilsvarande periode i 2020 var 10,2 øre/kWh. Høggast månadleg gjennomsnittspris i første halvår 2021 var juni med 54,9 øre/kWh, medan mars vart lågast i perioden med 44,4 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden vart 50,2 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 51,2 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær- og tertiærmarknadene.

### *Investering i driftsmidlar og finansielle anlegg*

Det er gjort ny- og reinvesteringar for 146,7 mill.kroner i konsernet. Hovudvekta av investeringane er nytta til bygging av nye Løkjelsvatn Kraftverk i Litledalen, Etne. Arbeida i fjellet starta ved nyttår 2019. Arbeid med tunnelar og bergrom er i hovudsak ferdig, mens arbeid med oppbygging av kraftstasjonen pågår. Det er nytta 428,3 mill.kroner på prosjektet hittil, herav 79,5 mill.kr i 2021. Idriftsetting er venta tidleg 2023 og kraftverket vil gi netto ny produksjon på 20 GWh.

Det er i konsernet fire småkraftverk under utbygging og det er investert totalt 53,9 mill.kr hittil i 2021. Risvollselva Kraftverk i Sauda starta bygginga våren 2019, og det er venta idriftsetting hausten 2021 med ein årleg produksjon på 20 GWh. Idriftsettinga har blitt utsatt i tid på grunn av vanskar i forbindelse med arbeidet på vassvegen. Jarlshaug Kraftverk i Samnanger starta bygginga våren 2020 med venta idriftsetting hausten 2021. Årleg produksjon er venta å bli 7 GWh. Dei fysiske arbeida på Håfoss Kraftverk ved Rullestad og Einungstølsåna Kraftverk i Valldalen startar tideleg hausten 2020. Årleg produksjon er venta å bli henholdsvis 33 GWh og 9 GWh og idriftsetting hausten 2021 og våren 2022.

Resterande investeringar på 13,3 mill.kr gjeld hovudsakleg mindre revisjonar av eksisterande kraftverk.

### *Helse, miljø og sikkerheit*

Konsernet hadde ein H1 verdi på 12,5 pr. juni 2021, mot 21,6 pr. juni 2020. Sjukefråværet i konsernet var på 7,0% første halvår 2021 mot 4,0% i same periode i 2020.